



Dette er syndaren bak leidningsbroet

**Det var heldigvis ikkje nødvendig å stoppa vassforsyninga for fleire enn 4-5 husstandar på Korsnes etter den store lekkasjen i Skorane søndag kveld.**

**Og lokaliseringa av lekkasjen og reparasjonen gjekk greitt slik at vatnet var kobla inn att ved 11-tida i dag.**



Rørleggjarane Johannes Feet og Knut Stensletten i arbeid i Skorane.

Rørleggjarane Johannes Feet og Knut Stensletten kunne konstatere at lekkasjen hadde ein klår teknisk årsak. Det var skjedd brot på ein plastikkdel i noko som kallast ein anboringsklammar.





[Her var lekkasjen i Skorane](#)

Og det er slett

ikkje første gongen noko slikt skjer med denne delen. Berre på eitt år har det same skjedd 4 gonger i Korsnes-området, kan Stensletten opplysa. Vassleidingane i dette relativt nye byggjefeltet vart lagt ned av kommunen for rundt rekna 30 år sidan. Men ettersom det er eit privat vassverk som har ansvaret for vassforsyninga blir dette ein dyr affære for vassverket, konstaterar rørleggjarane.

Dei skifta ut den skada plastikkdelen på anboringsklammaren med ein del av messing. Den sprekk nok ikkje på ei stund.

Leidningsbrotet viste seg som antatt å ha skjedd på eigedomen Skorane 22 og var lett å finne då vatnet viste veg.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen